



Norges  
nasjonalparker

01/12/2020

# Rapport 2020

## Lom nasjonalparklandsby



Frå videoproduksjon sumaren 2020. Foto: Mari Wedum

**Sluttrapporten er levert desember 2020.**  
**Ført i pennen av: Åshild M. Amundsen, landsbykoordinator i Lom.**

# 1 . Innleiing:

Lom nasjonalparklandsby fekk kr. 100 000 i støtte for 2019. Av ulike årsaker vart ikkje tiltaka gjennomført som planlagt dette året, så landsbyen søkte og fekk innvilga utsettelse til 2020 (viser til ref. 2019/440 19010674).

Tiltaka vi fekk tildelt midlar til var:

- |                                       |              |
|---------------------------------------|--------------|
| • Videoar frå Lom nasjonalparklandsby | Kr. 25.000,- |
| • Turisme for alle                    | Kr. 30.000,- |
| • Kompetanseheving                    | Kr. 5.000,-  |
| • Infrastrukturtiltak                 | Kr. 40.000,- |

|        |             |
|--------|-------------|
| Totalt | Kr. 100 000 |
|--------|-------------|

Denne rapporten tek for seg gjennomføring av dei ulike tiltaka og økonomisk status.

Det har elles vore gjennomført to møter i landsbyrådet i 2019, og to møter så langt i 2020 (det blir nok eit tredje møte før jul).

I landsbyrådet sit Magny Hilde som leiar (Norsk fjellsenter), Mari Wedum / Birgit Løyland (Visit Jotunheimen), Arnt Rune Vole (handelsstanden), Bjarne E. Holø (formannskapet), Egil Olav Nyrnes (landsbyvakt) og Torgeir T. Garmo (privat næringsdrivande).

2020 har vore eit aktivt år, med mange spennande prosjekt og mykje eigeninnsats knytt til arbeidet med nasjonalparklandsbyen. Vi ynskjer å takke for midlane vi fekk tildelt, desse har vore særst viktige for oss.

Med vennleg helsing landsbykoordinator Åshild M. Amundsen, på vegne av Lom kommune og Lom nasjonalparklandsby.

## 2. Videoinnspeling

---

For å kome i mål med dette inngjekk vi eit samarbeid med destinasjonsselskapet Visit Jotunheimen og besøkssenteret Norsk fjellsenter om å utarbeide eit konsept og ei tekst. Lom og Jotunheimen har mange fine videoar som viser naturen, men vi vart einige om at det mangla ein video som viste fram aktivitetstilboda i sentrum. Dette har utvikla seg mykje dei siste åra. Fokuset vart derfor "ein sumardag i Lom", der målet var å synleggjere alt som ein småbarnsfamilie kunne gjere i og rundt Lom nasjonalparklandsby i løpet av ein dag. Vi var heldige og fekk med oss ein småbarnsfamilie som ville stille opp gratis. Lokalt næringsliv bidrog med å sponse både mat og aktivitetar for å få til ein vellykka film.

Her er eit bilde frå innspelingsdagen:



Det var naudsynt med ein god del eigeninnsats for å kome i mål, men vi brukte midlane på å leige inn dronedefotograf, til å lese inn teksta, lage musikken og til å gjennomføre redigeringa (i tett samarbeid med oss). På innspelingsdagen deltok to fotografer, ein logistikkansvarleg og ein barnefamilie med to vaksne og tre barn.

Vi filma på desse plassane:

- Klatretårnet til Aktiv i Lom
- Sport1 Lom
- Fossheim turisthotell
- Fossheim steinsenter
- Utleggsbrua
- Smak i Lom
- Nordgard Aukrust
- Norsk fjellsenter
- Nordal turistsenter
- Tronoberget (med boller frå Bakeriet i Lom)
- Liabrua

Filminga skjedde i juni, men redigeringa var ikkje ferdig før i august / september. Videoen vil derfor bli marknadsført på vårparten i 2021, inn mot ein ny høgsesong. Den er derfor ikkje offentleggjort enda, så videoen blir sendt inn separat (for å unngå journalføring og dermed offentleggjering før lanseringa).

Denne filminnspelinga hadde ikkje vore mogleg utan eit godt samarbeid med lokale krefter, så derfor ein liten takk til følgande:

- Lokalt næringsliv, som velvillig sponsa både mat, drikke og aktivitetar
- Småbarnsfamilien frå Vågå, som stilte opp sporty ein heil dag og beheld humøret gjennom all filminga!
- Ola Rossehaug i Lyd i Lom DA, for dronedefilming og lydinnspeling
- Andreas Nilsson i Nilsson Cinematics, for redigering og etterarbeid
- Mari Wedum i Visit Jotunheimen, for godt samarbeid som alltid
- Kjersti Frackmann Strass på Norsk fjellsenter, for tekstforslag og sparring
- Landsbyrådet, for gode innspel i startfasa

## 3. "Turisme for alle"

---

Her fekk vi tilskot til å gjennomføre eit moglegheitsstudium, der det overordna målet er å gjere Lom nasjonalparklandsby meir tilgjengeleg for både lokalbefolkning og tilreisande. i tråd med FNs berekraftsmål.

Den lokale bedrifta Funkibator AS vart derfor engasjert for å bidra til å kartlegge og identifisere tiltak som kunne utbedrast og seinare marknadsførast som tilgjengelege aktivitetar. Det vart gjennomført eit møte med Landsbyrådet som ressursgruppe, i tillegg til fleire synfaringar.



Foto: Kjem du over her med rullestol? Synfaring for å identifisere områder med forbetringspotensial saman med Funkibator

Moglegheitsstudiet skulle ta for seg følgjande:

- Synfaring av sentrumsområdet
- Identifisere aktiviteter og severdigheter
- Prioritere eitt til tre tiltak, i samarbeid med landsbykoordinator / landsbyråd
- Jobbe opp ressursgrupper
- Jobbe for finansiering av prosjekt basert på prioriterte tiltak

[Rapporten kan lesast her:](#)

Sidan offentleg sektor ikkje kan søkje på midlar frå t.d. Sparebankstiftelsen og andre liknande støtteordningar for infrastrukturtiltak er tanken at friviljuge sektor skal bruke dokumentet som hjelp for å sette tiltaka ut i liv i 2021- 2022, gjerne i samarbeid med kommunen.

Ei felles synfaring med Gudbrandsdalsmusea, Turstiglaget Lom nasjonalparklandsby, råd for personar med funksjonsnedsetting, eldrerådet, Lom kommune og Funkibator vart gjennomført for å legge til rette for det:



## 4. Kompetanse

---

Dette tiltaket vart rapport og gjennomført i 2019, men blir med i denne rapporten au (sidan deler av midlane frå 2019 vart overført til 2020):

27. juni 2019 arrangerte Lom nasjonalparklandsby i samarbeid med Visit Jotunheimen ein busstur for (sommartilsette) i Lom. Til saman var det omlag 20 frå ulike verksemdar som deltok på turen. Vi la opp til ein dag der ein kunne bli betre kjent med Lom nasjonalparklandsby, kvarandre, nasjonalparkar, overnatting/servering og aktivitetar/oplevingar.

I tillegg til Mari Wedum (Visit Jotunheimen) og Rønnaug Nyrnes (Lom NPL) hadde vi med oss Torgeir T. Garmo til å guide og informere på bussen mellom kvart stopp. Vi hadde og alliert oss med Rigmor Solem i SNO som tok oss med over Fantesteinsvatnet og fortalde om Jotunheimen.



- Programmet var som følgjer:
  - 08:30 – Norsk Fjellsenter – kaffe og informasjon om Norsk Fjellsenter
  - 10:00 – Elveseter (30 min stopp)
  - 10:45 – Jotunheimen Fjellstue (30 min stopp)
  - 11:45 – Sognefjellshytta – fottur over Fantesteinsvatnet med Rigmor Solem i SNO, (Ca 45 min stopp)
  - 12:30 – Lunsj og informasjon om Sognefjellshytta (ca 30 min)
  - 13:45 – Røisheim (30 min stopp)
  - 14:25 – Aukrust (30 min stopp)
  - 15:10 – Norsk fjellsenter

På kvar stopp var det omvising/prat med styrarar.

Alt i alt fekk vi sær gode attendemeldingar på opplegget, og det er ynskjeleg å få til noko liknande neste år. Kostnad: rundt kr. 5000, primært busstransport.

# 5 Infrastruktur

---

## 5.1 Sikringstiltak opp mot Skutlan

Dette tiltaket vart gjennomført og rapportert i 2019, men blir tatt med her som ei orientering sidan midlane frå 2019 vart delvis overført til 2020.

Fotturen opp mot Skutlan (kulturstigen om Kusletta) er populær å gå både sommar og vinter, men om vinteren blir det store kjøvingar (is) som gjer til tider gjer det lite framkommeleg.

Turstiglaget Lom Nasjonalparklandsby vurderte våren 2019 kva som ville fungere best. Dei fann at problemet lettast kunne løysast ved å rydde ein alternativ vinterstig der ein omgår dei vanskelege partia.

Vinterstigen vart derfor rydda og merka som ein omveg «Vinterstig til Kusletta/Skutlan» nedanfor og ovafor «Vinterstig til Lom sentrum». Det er Turstiglaget Lom nasjonalparklandsby som har gjennomført sikringstiltaka, primært på dugnad men med noko støtte frå Lom nasjonalparklandsby.

## 5.2 Nytt eldhus i Presthaugen

Som det går fram av framdriftsplanen som vart levert i slutten av 2019, søkte Lom nasjonalparklandsby om å få omdisponere midlane til carwalks / QR-kode til eit nytt og spennande prosjekt som hadde dukka opp, I framdriftsplanen står følgjande:

*"I 2019 dukka det nemleg opp ein kul ide om å lage ein bål-lunsj plass i Presthaugen (friluftsmuseet rett bak Lom nasjonalparklandsby):*

*<https://gudbrandsdalsmusea.no/avdelinger/presthaugen>*

*Det var Arne Brimi som hadde ideen, da han har ein liknande plass i Brimiskogen.*

*Tanken er at dette skal vere ein tilrettelagt mat- og bål-plass som bedrifter i Lom kan leige og lage lunsj / middag på bål saman med t.d. firmagrupper.*

*Vi har hatt munnleg kontakt med leiaren i Gudbrandsdalsmuseet (som driv Presthaugen), og dei syns også det var ein god ide.*

*Det vil bli invitert til eit møte med Arne Brimi og Gudbrandsdalsmuseet på nyåret der vi skal konkretisere planane og finne plassering, få på plass budsjett / ytterlegare finansiering og avklare formelle prosessar. Infrastrukturmidlane frå Lom nasjonalparklandsby vil vere eit godt utgangspunkt for å få med fleire på spleiselaget og kome i gong med prosessen snarleg. Dette vil også bli eit godt synleg tiltak i nasjonalparklandsbyen, noko som er positiv for omdømmebygging".*

Endringa vart innvilga, og i januar 2019 tok derfor landsbykoordinator initiativ til eit

oppstartsmøte med m.a. Arne og Tina Brimi, Gudbrandsdalsmusea, Lom kommune og Lom heimbygdslag.

Dette vart starten på eit konstruktivt samarbeid mellom kommune, friviljug sektor og næringsliv, som resulterte ei arbeidsgruppe for utvikling av eit nytt eldhus i Presthaugen. Dei som har deltatt i arbeidsgruppa er Lom kommune, Gudbrandsdalsmusea, Lom heimbygdslag, Norsk fjellsenter og Tina / Arne Brimi på vegne av reiselivsnæringa. Etter eit ope møte vart også leiaren for FAU på barneskulen med i arbeidsgruppa.

Her er den fyrste synfaringa i januar for å diskutere plassering:



Prosjektet har vore oppe til politisk behandling ved fleire høve, og det har vorte utarbeidd m.a. skisser, 3D-modeller, kostnadsoverslag, prosjektbeskrivelse og ei intensjonsavtale mellom Lom kommune (eigar), Gudbrandsdalsmusea (driftar) og Lom heimbygdslag (festar). Sistnemnte er no undertegna og vedtatt i kommunestyret.

Det har elles vore arrangert eit ope møte med næringsliv og friviljuge for å forankre prosjektet og få innspel slik at eldhuset blir så funksjonelt som mogleg for ulike brukargrupper.

Ved ferdigstilling av denne rapporten er statusen for det nye eldhuset slik:

- Gudbrandsdalsmusea har løyvd kr. 100 000 til prosjektet
- Sparebank1 Lom og Skjåk har sagt seg villig til å sponse prosjektet med kr. 150 000 (som omsøkt)
- Vi ventar på svar om finansiering frå Riksantikvaren og Innlandet fylkeskommune
- Formannskapet i Lom kommune har sendt ut økonomiplanen på høyring, der ligg det inne ei finansiering på kr. 300 000 til investeringa.

Midlane frå Klima- og miljødirektoratet har vore avgjerande for at prosjektet (forhåpentlegvis) blir realisert til sumaren 2021. Tilskotet har primært gått med til konsulentbistand, både for å få utarbeidd og kvalitetssikra eit kostnadsoverslag, ei skisse, ein 3D-modell og til å utarbeide søknadar om finansiering. Ein innleigd konsulent via Gudbrandsdalsmusea har vore ein viktig sparringspartner undervegs og bidrege som prosjektleiar i lag med landsbykoordinator.

Her er 3D-modellene som vart utarbeidd for å "selge inn" ideen:



No venter arbeidsgruppa spent på svar om finansiering!

## 6 Økonomisk oversikt

Lom nasjonalparklandsby fekk som nemnt eit tilskot på kr. 100 000 i 2019, der majoriteten har vorte brukt i 2020. Av desse midlane har vi hatt eit overforbruk på ca. kr. 40 000, altså ein totalkostnad på kr. 140 000 (+ eigeninnsats). Overforbruket blir dekt opp med bruk av fondsreserve.

Vedlagt ligg rekneskapsrapport frå 4.12.2020, henta frå Lom kommune sitt økonomisystem:

Regnskap for 2019, bruk av tilskotsmidlar (VSP 2019):

### 1 LOM KOMMUNE (2020) - År/Periode 2020 1 - 12

|  |  | Regnskap<br>2019 |
|--|--|------------------|
| <b>Ansvar: 450 PROSJ-TEKN/MILJØ/TEKN./NÆRING</b> |  |                  |
| <b>Teneste: 3355 NASJONALPARKLANDSBY</b>         |  |                  |
| <b>Prosjekt: 450-1901 VSP-TILTAK 2019</b>        |  |                  |
| 1175 TRANSPORT/SKYSS                             |  | 5.300            |
| 1370 KJØP AV TENESTER FRÅ PRIVATE                |  | 7.500            |
| 1429 MVA-AVG.PL.ANSKAFFELSER-DRIFT               |  | 755              |
| 1470 OVERFØRING TIL PRIVATE                      |  | 475              |
| 1550 AVSETJING TIL BUNDNE FOND                   |  | 86.725           |
| 1701 REFUSJON FRÅ STATEN                         |  | -100.000         |
| 1729 KOMP. MVA ANSKAFFELSER DRIFT                |  | -755             |
| <b>Sum prosjekt: 450-1901 VSP-TILTAK 2019</b>    |  | <b>0</b>         |

Regnskap for 2020, bruk av tilskotsmidlar (VSP-2020):

|   |          |               |
|---|----------|---------------|
| <b>Prosjekt: 450-2001 VSP-TILTAK 2020</b>     |          |               |
| 1144 PROFILERINGSMATERIAL                     | 0        | 15.805        |
| 1201 MATERIELL/UTSTYR                         | 0        | 9.096         |
| 1270 KONSULENTTENESTER                        | 0        | 87.353        |
| 1370 KJØP AV TENESTER FRÅ PRIVATE             | 0        | 15.000        |
| 1429 MVA-AVG.PL.ANSKAFFELSER-DRIFT            | 0        | 13.949        |
| 1729 KOMP. MVA ANSKAFFELSER DRIFT             | 0        | -13.949       |
| 1950 BRUK AV BUNDNE FOND                      | 0        | -96.940       |
| <b>Sum prosjekt: 450-2001 VSP-TILTAK 2020</b> | <b>0</b> | <b>30.314</b> |

Som eigeninnsats har Lom kommune ein stillingsressurs som er fordelt med 40 % som landsbykoordinator og 60 % som næringsssjef. Med ei årslønn på kr. 600 000 + sosiale utgifter utgjør dette ein eigeninnsats på langt meir enn 50 % av totalkostnaden, som er kravet frå Klima- og Miljødirektoratet. Ytterlegare dokumentasjon

knytt til dette kan leverast ved behov.

Eigeninnsatsen til Landsbyrådet, arbeidsgruppa for eldhuset etc. kjem i tillegg, dette blir ikkje synleggjort her.



Foto: Frå ope møte om det nye eldhuset i Presthaugen

# Norges nasjonalparker

Lom sentrum, Fossbergom, er ein av fem tettstadar i Norge som har staus som nasjonalparklandsby, og er ein naturleg innfallspurt til nasjonalparkane Jotunheimen, Reinheimen og Breheimen.

Lom har vore pilot for den nye merkevara til Norges nasjonalparker, i samarbeid med Norsk fjellsenter og Jotunheimen nasjonalpark.

Ta gjerne kontakt med Lom kommune eller landsbykoordinator Åshild M. Amundsen ([ashild.amunden@lom.kommune.no](mailto:ashild.amunden@lom.kommune.no)) dersom du ynskjer å vite meir om Lom nasjonalparklandsby.

For meir informasjon om dei fem nasjonalparklandsbyane, ta kontakt med Bjørn Åge Jenssen ([bjorn.aage.jenssen@npkl.no](mailto:bjorn.aage.jenssen@npkl.no)).